



HAR DU EIN NEDGRAVD PARAFIN/OLJETANK?



**BJØRNA
FJØRDEN**
KOMMUNE



FORBYR DEI NYE REGLANE OLJEFYR?

Nei, dei nye reglane som blei sett i verk 1. januar 2020 forbyr ikkje å eige verken ein oljefyr eller ein oljetank. Det som no er forbode, er å bruke fossil fyringsolje. I følge dei nye reglane kan du altså framleis bruke oljefyren din, så lenge du berre fyrer med biofyringsolje.

Dersom oljefyren din ikkje lenger er i bruk må du likevel få sanert den nedgravde oljetanken. Dette er ikkje avgjort av oljefyringsforbudet, men i 'forskrift for motvirkning av forurensing frå nedgravde oljetankar'.

Tankar som permanent blir tekne ut av bruk, skal tømmast og gravast opp. Tankar som ikkje kan gjenbrukast utan å representere fare for lekkasje, skal destruerast. Kommunen kan i særlege tilfelle gje løyve til at tankar som er uforholdsmessig vanskelig og dyrt å fjerne helt, permanent blir tekne ut av bruk, blir reingjorde og fylte med sand, grus o.l. i staden for oppgraving

DETTE ER FORBODE FRÅ 2020

Frå 1. januar 2020 er det forbode å bruke mineralolje, eller fossil fyringsolje og parafin til oppvarming av bustader og næringsbygg i Noreg. Oppvarming inkluderer ikkje berre oppvarming av romma, men òg av varmtvatnet og ventilasjonslufta i bygninga. Forbudet mot bruk av mineralolje til oppvarming gjeld frå 01.01.20, forbudet mot bruk av mineralolje til byggvarme fra 01.01.22 og forbudet mot bruk av fossil gass til oppvarming fra 01.07.25.

KVEN GJELD FORBODET FOR?

Forbudet gjeld for alle bustader og bygningar i Noreg, men med nokre få unntak. I fritidsbustader, hytter og fyrstasjonar utanfor straumnettet er det framleis tillate å bruke fossil fyringsolje og parafin. I nokre tilfelle kan òg fossil oljefyring brukast i industribygningar.

Driftsbygningar i landbruket og sjukehus får nokre ekstra år, til 2025, på å gjennomføre tiltaka.

Kommunar kan òg gi dispensasjon i enkelte heilt spesielle tilfelle.



KVEN SKAL FØLGE OPP FORBODET, OG KORLEIS?

Det er den som eig og brukar fyringsanlegget som er ansvarleg for å følge forskrifta.

Du som grunneigar er ansvarleg for at tanken er i forsvarleg stand – sjølv om du ikkje lenger nyttar han. Dette inneber at du må ha jamleg tilsyn og kontroll dersom tanken framleis inneheld olje, tømning og reinsing, sikring av tank og melding til kommunen om status for tanken.

Kommunen, ved brannvesenet, har ansvar for å kontrollere at forbodet blir overhalde. Kommunen kan få utlevert lister over kven som har kjøpt fossil fyringsolje og parafin frå alle som omset desse produkta, og kan krevje inn gebyr frå bustadeigarar som ikkje overheld avgjerdene i forbodet. Kor store gebyra blir, vil vere opp til kvar enkelt kommune å avgjere.

Mange norske huseigarar har framleis nedgravde oljetankar i grunnen – ofte frå 1960–1980-talet – nytta til oppvarming med fyringsolje. Sjølv om oljefyring er forbode, tyder ikkje det at tanken forsvinn av seg sjølv.

Ifølgje Miljødirektoratet er det, basert på tidlegare registrerte hendingar, analysert ein gjennomsnittskostnad per lekkasje på 280 000 kroner for tankar i bruk, og 200 000 kroner for tankar som er tekne ut av bruk.

FINST DET UNNTAK?

I forskrifta er det opna opp for at fossil fyringsolje kan brukast i enkelte situasjonar.

Det er i hovudsak dersom det oppstår driftsforstyrring i kraftnettet, eller viss feil eller skade gjer at du ikkje kan bruke dei andre oppvarmingskjeldene dine. Du kan bruke fossil oljefyring som reserveløysing i avgrensa periodar.

Dersom det i enkelte område av landet ikkje skulle vere tilstrekkeleg kapasitet i straumnettet til å gjennomføre forbodet, kan NVE tillate at det blir brukt fossil fyringsolje til oppvarming i akkurat desse områda.

Biofyringsolje omfattes ikke av virkeområdet for dagens forskrift

Sjå veiledaren for bedrifter her:

[Bedriftsveilederen for klima og miljø - miljodirektoratet.no](https://www.miljodirektoratet.no/no/tema/klima-og-miljo/veiledning-for-bedrifter)

HAR DU EIN NEDGRAVD OLJETANK SOM IKKJE ER I BRUK?

På desse nettstadane finn du meir informasjon om dei nye reglane:

bjornafjorden.kommune.no/oljetank

oljefri.no

miljodirektoratet.no

Du finn òg relevante heimlar på lovdata.no, i kapittel 2 i forureiningslova og kapittel 20 i plan- og bygningslova



KONTAKTINFORMASJON TIL BRANN, ELDSTAD OG FEING

Os brannstasjon ligg i beredskapsbygget i Mobergsbakken 111.

På kvardagar kl. 08.00–15.00 når du oss på telefon 56575355

Vaktttelefon heile døgnet: For kontakt utover arbeidstid kontakt vakthavande brannbefal og miljøberedskap, telefon 915 68 590

Ved brann, ring 110